

Evaluering, 167, hausten 2017

Faglærars vurdering av

Gjennomføring

15 studentar har følgd kurset, 11 av dei frå journalistikk og fire frå Nye medier. Dei fire «gjestetstudentane» gav svært positive bidrag og var med på å gjera heile gruppa særskild god. 14 studentar fullførte eksamen denne hausten.

Kurset har vore gjennomført som to kurs-i-eitt; med ein metodedel, styrt av Per Christian Magnus, først og ein etikk-del, styrt av underteikna, deretter. Etikk-delen var likevel utvida med tre økter, samanlikna med tidlegare gjennomføringar, med tilsvarende tre færre økter på metode-delen. Dermed blei den totale undervisningsmengda på dei to delane meir i samsvar med den 50/50-delinga som har vore meininga mellom høvesvis etikk og metode. Dei tre ekstra etikk-øktene blei spreidde utover i metode-rekkja.

Sjølv med denne endringa så blei ordninga med avslutta metode-del med eksamen midtvegs (oktober) halden fast ved.

Metode-delen hadde ei blanding av eigne økter med faglærer og økter frå gjestelærarar – Adrian N. Olsen (kjelder og kjeldekritikk), Mette Anthun (intervjuteknikk), Anne Hovden (offentlegheitslova), Bjarne Kvam (krim- og katastrofejournalistikk), Sølve Rydland (excel/organisering av data, kjelder, mm), Eirik Stavelin (datastøtta journalistikk), Hanne Louise Åkernes (sosiale medium for nyhetsjakt) og Christian Lura (faktasjekk).

Etikk-delen hadde innleiande førelesingar/seminar med underteikna, og seinare workshops knytt til PFU-arbeid (eige PFU-møte og gjennomgang ved PFU-leiar Alf Bjarne Johnsen i økta deretter) og til anna etisk refleksjon – NRK-etikk (Per Arne Kalbakk) og «Redaktørens dilemma».

Eksamen har bestått av ein tredagars heimeeksamen (knytt til metodedelen) og ei refleksjonsoppgåve (knytt til etikkdelen). Eksamensresultata var svært tilfredsstillande.

Student-evaluering

Det vart gjennomført skriftleg student-evaluering på siste økta, 15. november. 11 av dei 15 studentane var til stades og svara på evalueringa. Som vanleg er, så er slike studentevalueringar litt sprikande. Nedanfor er det likevel vektlagt nokre sentrale punkt:

Studentane var jamt over særskild nøgde med kurset. Dei har sett stor pris på – og vil gjerne ha meir av! – drøftingar gjennom øktene, av både metodiske og etiske utfordringar og dilemma.

På metodedelen synest det å vera ei spesiell utfordring at enkelttema til dels berre får korte besøk. «Datajournalistikk» og «økonomijournalistikk» er nemnde spesielt i evalueringa.

Den praktiske tilnærminga til søking og *innsyn* i metoden har studentane sett stor pris på. Besøket i rettssalen er også nemnt som ei lærerik erfaring.

Sjølve *etikk*-delen blir vurdert gjennomgåande positivt, men studentane meiner samtidig at medierett må hevast fram i større grad. Skugge-PFU, inkludert førebuing og oppfølging, er alltid populært.

Sidan dette var aller siste gjennomføringa av MEVI 167, så tillèt eg meg å avslutta denne evaluering med eit lite knippe student-sitat:

Det har vært et veldig spennende og interessant kurs med variert innhold. Liker eksamensformen og forelesningsformen.

Gode lærere med ekstrem faglig tyngde og en genuin interesse for studentene/faget har gjort dette faget lærerikt.

Faget har vært veldig bra, vi har lært mye!

Lars Arve Røssland
12.12. 2017